



Skriving og fagkompetanse

Skriftleg eksamen med reviderte læreplanar

Tone Vindegg, Utdanningsdirektoratet

Korleis prøver vi skrivekompetanse til eksamen?

- Litt om eksamen
- Skrivning i fag – ein sveip innom læreplanane
- Teksttypar og sjangrar i norskplanen
- Eksempel på eksamensoppgåver i ulike fag
- Endringane i norskeksamen på ungdomstrinnet og Vg3



Eksamensskrivning: Eit individuelt uttrykk for fagkompetanse

- Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket
- Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget
- Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen

Praktiserande lærarar utarbeider oppgåvene og sensurerer.

Korleis gi eleven høve til å vise fagkompetansen sin så godt som mogeleg, ut frå dei gitte rammene?

Skriving som fagkompetanse: Reviderte læreplanar 2013

Mål for revisjonen:

- Styrking av dei grunnleggjande dugleikane i alle gjennomgåande fag
- Betre samanheng på tvers av faga
- Klarare progresjon



Naturfag

10. årstrinn, hovudområde *Forskerspiren*:

- skrive forklarende og argumenterende tekster med referanser til relevante kilder, vurdere kvaliteten ved egne og andres tekster og revidere tekstene

...

Vg1/Vg2

- **drøfte** dagsaktuelle naturfaglige problemstillinger basert på praktiske undersøkelser eller systematisert informasjon fra ulike kilder
- **gjøre rede for** begrepet bærekraftig utvikling
- **beskrive** de viktigste energigivende næringsstoffene (...) og **begrunne** hvorfor de er viktige for kroppen
- **sammenligne** argumenter om bruk av bioteknologi og **drøfte** ulike faglige og etiske problemstillinger knyttet til disse
- **forklare** hvordan nordlys oppstår, og **gi eksempler på** ...

Samfunnsfag Vg1/Vg2

10. årstrinn, hovudområdet *Utforskaren*:

- skrive samfunnsfaglege tekstar med presis bruk av fagomgrep, grunngjevne konklusjonar og kjeldetilvisingar

...

Vg1/Vg2

- **formulere** ei aktuell samfunnsfagleg problemstilling og **skrive ein drøftande tekst** ved å bruke fagomgrep, variert kjeldetilfang og kjeldetilvisingar
- **gjere greie for** rettane ein har som forbrukar, og **diskutere** forbrukarens etiske ansvar
- **analysere** omfanget av ulike former for kriminalitet og overgrep og **drøfte** ...
- **beskrive** trekk ved samisk kultur i dag og **reflektere over** kva det vil seie å vere urfolk

....

Norsk 10. årstrinn, Vg1, Vg2, Vg3

«... Norskfaget har et særlig ansvar for å utvikle elevenes evne til å planlegge, utforme og bearbeide stadig mer komplekse tekster som er tilpasset formål og mottaker ...»

I hovudområdet *Språk, litteratur, kultur*:

- beskrive, gjøre rede for, presentere, gi eksempler på, forklare
- reflektere over
- diskutere, drøfte
- analysere, tolke, sammenlikne
- vurdere, kommentere

Engelsk fellesfag og programfag

Skriftleg kommunikasjon er eige hovudområde i fellesfaget.

I hovudområdet *Kultur, samfunn og litteratur*:

- drøfte
- presentere og diskutere
- beskrive, gjøre rede for, oppsummere
- reflektere over
- vurdere, kommentere
- tolke, analysere

Desse omgrepa kan knytast til skriving for ulike formål

Informative, argumenterende, resonnerende og reflekterende tekstar:

- *Presentere, forklare eller gjere greie for eit emne*
- *Grunngi og forsvare eigne synspunkt, overtyde andre*
- *Drøfte ulike sider ved ei sak for å kunne ta stilling*
- *Tenkje gjennom ei sak, sjå saka frå fleire sider, prøve ut tankar*

Læreplanen i norsk: Tydeleggjering og progresjon

- 4. årstrinn : skrive enkle fortellende, beskrivende og argumenterende tekster
- 7. årstrinn: skrive fortellende, beskrivende, reflekterende og argumenterende tekster etter mønster av eksempeltekster og andre kilder, og tilpasse egne tekster til formål og mottaker
- 10. årstrinn: skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster ... tilpasset mottaker, formål og medium
- Vg1/Vg2: ... skrive egne argumenterende tekster; skrive kreative tekster ... med bruk av ulike språklige virkemidler
- Vg3: skrive kreative, informative og resonnerende tekster, litterære tolkninger og retoriske analyser

Kvar har det blitt av sjangrane i norskfaget?

10. årstrinn:

- lese og analysere **et bredt utvalg tekster i ulike sjangere og medier** på bokmål og nynorsk og formidle mulige tolkninger
- skrive ulike typer tekster etter mønster av **eksempeltekster** og andre kilder

Vg1/Vg2:

- skrive tekster med tema og fagterminologi som er tilpasset eget utdanningsprogram, **etter mønster av ulike eksempltekster**

Vg3:

- bruke **kunnskap om tekst, sjanger, medium og språklige virkemidler** til å planlegge, utforme og bearbeide egne tekster med klar hensikt, god struktur og saklig argumentasjon

Ikkje sjangeroppgåver til eksamen



Sjangrar endrar seg over tid og varierer. Derfor bruker læreplanen meir overordna omgrep. Det same gjer vi til eksamen.

Sjangeropplæring er relevant! Elevane skal ha kunnskap om sjangrar.

Knyt arbeid med sjangrar til konkrete teksteksempel, det vil seie: til medium og formål.

Elevane får bruk for sjangerkunnskapen sin til eksamen, sjølv om dei ikkje får sjangernemningar som oppgaveinstruks.

Kvifor «kreative tekstar»?

2006:

- ✓ novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri
- ✓ essay
- ✓ egen skjønnlitterær skriving

2013: kreative tekstar

Kreative tekstar er ikkje éin teksttype, men eit samleomgrep

Eit særleg ansvar for opplæringa i førstespråket: Dei estetiske, leikande og utforskande dimensjonane ved skriving

I opplæringa les elevane mange og svært ulike tekstar, både skjønnlitteratur og sakprosa, som viser språkleg kreativitet

Norsk er et sentralt fag for kulturforståelse, kommunikasjon, dannelse og identitetsutvikling. (...) Norskfaget åpner en arena der de får anledning til å finne sine egne stemmer, ytre seg, bli hørt og få svar.

(...) Muntlige ferdigheter, lese- og skrivekompetanse er både et mål i seg selv og et nødvendig grunnlag for læring og forståelse i alle fag på alle trinn. Faget skal motivere til lese- og skrive lyst og bidra til å utvikle gode læringsstrategier.

Danning og identitetsutvikling

Eiga stemme

Skrive lyst

Kreative tekstar til eksamen

Omgrepet «kreativ tekst» opnar for ulike tilnærmingar. Elevene kan velje sjanger dersom dei blir bedne om å skrive ein kreativ tekst til eksamen, så lenge dei svarer på oppgåva:

- *dei kan lage ein underhaldande tekst, dei kan prøve ut tankar, fortelje, dikte eller filosofere*
- *Kreativitet kan også komme til uttrykk i for eksempel ein argumenterande eller reflekterande tekst – det er ingen skarpe skilje her!*



Validitet og reliabilitet

- Korleis konstruere oppgåvesett som sikrar at eksamenssvaret faktisk viser den reelle fagkompetansen, så dekkande som råd?
- ... og samtidig er så klart og eintydig at ulike lesarar vurderer svaret på same måte?
- Styrte og mindre styrte oppgåver
- Førrebuingsdag eller tekstvedlegg: Tekstforståing og tekstproduksjon
- Kor mange oppgåver?
- Norsk grunnskole og Vg3: Alltid to tekstar. Oppgåvene skal prøve ulike sider ved elevens kompetanse.

REA3019 Teknologi og forskingslære

Oppgave 1, dvs halvparten av oppgavesettet. Førebuingdag.

Denne oppgåva tek utgangspunkt i verknaden av kosttilskot.

- a) Kva **karakteriserer** ei vitenskapleg problemstilling? Gi eit eksempel på ei vitenskapleg problemstilling, og **grunngi** kvifor problemstillinga er vitenskapleg.
- b) Artikkelen i førebuingdelen stiller spørsmål om VitaePro verkar. **Nemn tre** opplysningar frå artikkelen som, sett frå ein forskars ståstad, gjer at det kan vere grunn til å setje spørsmålsteikn ved om VitaePro verkar. **Grunngi** kvifor du trekkjer fram desse opplysningane.
- c) I artikkelen blir denne problemstillinga presentert: *"Gir kosttilskuddet VitaePro bedre helse og mer effekt av treninga?"* **Formuler ein hypotese** ut frå problemstillinga, og **forklar korleis du vil gå fram** for å teste denne hypotesen.
- d) I media blir vi ofte møtte med frasen *"Det er vitenskapleg bevist at ..."* **Kan vi egentleg stole på vitenskapen? Drøft spørsmålet.**

Alle delane skal svarast på. Oppgave 2 som kjem i tillegg, har fem ledd.

SPR3017 Kommunikasjon og kultur

Idolkultur

Det lokale pensjonistlaget har teke kontakt med deg fordi dei ønskjer å få vite meir om det kulturelle fenomenet Justin Bieber. Dei ber deg halde eit innlegg for dei der du forklarar dette.

Oppgåve 1

Skriv manus til innlegget.

Oppgåve 2

Skriv ein tekst der du **beskriv og grunngir dei vala du tek med tanke på framføringa di.**

Du skal bruke teoriar frå faget i svara dine.



ENG1002/ENG1003 Engelsk fellesfag Vg1, kortsvar

Study this cartoon from the Preparation Booklet. Then do the task below.



Cartoon from *How to be British*, by Martyn Ford & Peter Legon. Hove: Lee Gone Publications, 2003.

This cartoon presents some typical British stereotypes in an amusing way. Choose at least two stereotypes from the UK or another English-speaking country, and write a short text where you **discuss** to what extent you think they are true. **Refer to material** you have studied, **and conclude with your opinion of** national stereotypes.

SPR3012 Engelsk programfag Vg3, kortsvar

In two or three paragraphs *give your interpretation* of the painting and the poem below and *comment on* how they convey the experience of being a shift worker.



Night-Shift Workers

by George Charlton, 1989

They have come from a factory
Where fluorescent strips flared all night
And ears grew numb to machinery.
They are going home to working wives,
To cooling beds at breakfast time,
Undressing fatigue from their skin like clothes
(...)

SPR3010 Engelsk programfag Vg3, langsvar, eitt eksempel

On his latest CD, Bruce Springsteen seems to make a strong statement about current problems and politics in America, including the loss of solidarity, the destruction of hometowns brought about by finance speculators and the hardships suffered by the average man in the street. Write a text in which you *interpret and discuss* the political message of the two songs by Bruce Springsteen in Appendix 2 *in the light of what you have learned* about American politics and social and economic conditions in the USA today.

NOR0214 Norsk grunnskole, eksempeloppgåve V2014

Nytt: Eleven skal alltid skrive to tekstar

Del A er ei obligatorisk oppgåve med tekstvedlegg. Lese- og skrivekompetanse

Bruk vedlegg 1 og 2. Gi eksempel på og samanlikn verkemiddel som er brukte for å skape eit heltebilde i diktet *Kongen* og i illustrasjonen av Lara Croft. Kvifor blir dei to heltane framstilte så ulikt, trur du? Skriv ein kort, samanhengande tekst.



*Ditt løfte: Alt for Norge,
det har du trofast holdt.
Om vi stod frem på torget
og ropte på revolt,
om våre ord falt krasse,
deg ledet ingen vill!
Du hørte ingen klasse
men hele folket til!*

*Slik skal vår konge være,
så rolig og så rank!*

OSV...

Norsk 10. årstrinn

Del B i oppgavesettet er oppgaver til val. To eksempel:

B2

Kollasjen i forberedelsesmateriellet viser fire ulike helter. En av dem er Rosa Louise Parks.

Du skal skrive en tekst der du skildrer og forteller mer om det Rosa Louise Parks ble utsatt for. Du skal formulere teksten din på en kreativ måte, og du trenger ikke holde deg til historiske fakta.

B3

Superhelter som Batman, Superman og Spiderman aldres i utgangspunktet ikke, men hva om det faktisk skjedde?

Skriv en tekst om en superhelt på 70 år som opplever at superkreftene begynner å minke. Teksten skal ha som formål å underholde leseren.

Norsk 10. årstrinn

Oppgave til val – del B i sidemålssettet, eitt eksempel

Roald Amundsen reiste i 1912 på ekspedisjon til Sørpolen. Amundsen-stiftelsen skal arrangere ein ny tur i fotspora hans.

Skriv til Amundsen-stiftelsen for å overtyde dei om at du bør få delta på denne ekspedisjonen. Opplysningane du gir, treng ikkje vere korrekte, men dei må vere relevante.

Tilleggsinformasjon på grunn av overgang til revidert læreplan: I tidlegare oppgåver har du kanskje blitt spurt om å skrive eit formelt brev eller ein søknad. Du må planlegge korleis du utformar svaret ditt når du ikkje kjenner mottakaren. Det viktige er at du svarer på det oppgåva spør om!

Norsk Vg3, revidert læreplan. Langsvaroppgåve, eksempel

Både romanen *Garman & Worse* og skodespelet *Et dukkehjem* er skrive rundt 1880. Samanlikn form og innhald i dei to tekstutdraga, og set dei inn i ein kulturhistorisk samanheng.

Kommentar

Oppgåva er todelt. Du kan velje korleis du vil strukturere svaret ditt, men du skal skrive om form og innhald i begge tekstutdraga. I den andre delen kan du bruke kunnskap om litteraturhistorie og allmenne historiske kunnskapar når du set tekstane inn i ein kulturhistorisk samanheng.

Eller ...

Formålet er å vise at du kan lese tekstane grundig og beskrive dei presist, og at du kan karakterisere dei på bakgrunn av den historiske samanhengen dei er skrivne i.

“A writer is a person who cares what words mean, what they say, how they say it. Writers know words are their way towards truth and freedom, and so they use them with care, with thought, with fear, with delight. By using words well they strengthen their souls. Storytellers and poets spend their lives learning that skill and art of using words well. And their words make the souls of their readers stronger, brighter, deeper. “

Ursula K. Le Guin: Words to a Young Writer (utdrag)

Eksamensrettleingar for 2014

Eksamensveiledning | 2014

– om vurdering av eksamenssvar

- Skal vere kjende for elevar og føresette
- Informasjon om korleis eksamen er organisert
- Kjenneteikn på måloppnåing – justert til reviderte læreplanar
- Vurderingsskjema som skal brukast av alle sensorar som grunngiving for karakteren:
[Kva viser eksamenssvaret at eleven kan?](#)

Vurderingsskjema til eksamen, norsk vg3. Side 1 er felles for alle. Side 2-4 er for ulike langsvaroppg

Skule		Gruppe	Eksaminandnr	Fagkode	NN/BM	Oppg
	1	Karakter 2 Eksamenssvaret	Karakter 3 - 4 Eksamenssvaret	Karakter 5 - 6 Eksamenssvaret	Kommentar	
Hovud- inntrykk		er eit enkelt/delvis relevant svar på kortsvaroppgåva er eit enkelt/delvis relevant svar på langsvaroppgåva viser noko forståing og bruk av dei vedlagde tekstane	er eit stort sett relevant svar på kortsvaroppgåva er eit stort sett relevant svar på langsvaroppgåva viser at eleven forstår og bruker dei vedlagde tekstane	er eit presist og relevant svar på kortsvaroppgåva er eit utfyllande og relevant svar på langsvaroppgåva viser god forståing og sjølvstendig bruk av dei vedlagde tekstane		
Språk og formelle dug- leikar		er enkelt formulert har til dels god samanheng mellom setningar og avsnitt viser at eleven meistrar hovudformene i formverket til ei viss grad viser at eleven meistrar ortografi og teiknsetjing til ein viss grad skil mellom sitat og eigenprodusert tekst og viser til kjelder	er klart formulert, med godt og formålstenleg ordforråd har god samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven stort sett meistrar formverket har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing markerer sitat og viser til kjelder på ein ryddig måte	er klart og presist formulert, med formålstenleg, nyansert ordforråd har svært god samanbinding mellom setningar og avsnitt, språket er variert viser at eleven meistrar formverket har gjennomgåande korrekt ortografi og teiknsetjing markerer sitat og viser til kjelder ryddig og nøyaktig		
Kortsvar		Kortsvaret har ein viss tematisk samanheng og enkel struktur gjer greie for faglege emne, kommenterer eller argumenterer på ein enkel måte peiker på nokre karakteristiske trekk ved tekstar bruker enkelt fagspråk	Kortsvaret har tematisk samanheng og formålstenleg struktur gjer greie for faglege emne, kommenterer eller argumenterer på ein oversiktleg måte gjer greie for karakteristiske trekk ved tekstar bruker formålstenleg fagspråk	Kortsvaret har tematisk samanheng og klar og formålstenleg struktur gjer greie for faglege emne, kommenterer eller argumenterer på ein oversiktleg og presis måte gjer presist greie for karakteristiske trekk ved tekstar bruker presist og formålstenleg fagspråk		

Vurderingsskjema til eksamen, norsk Vg3 side 2. Bruk dei delane av skjemaet som passar til oppg

Informative, argumenterende og resonnerende tekstar

	1	Karakter 2 Den aktuelle elevteksten	Karakter 3 - 4 Den aktuelle elevteksten	Karakter 5 - 6 Den aktuelle elevteksten	Kommentar
Informative, argumenterende og resonnerende tekstar		<p>har ein viss tematisk samanheng og enkel struktur</p> <p>gjer greie for faglege emne på ein enkel måte</p> <p>gir att hovudsyn i nokon grad</p> <p>argumenterer for synspunkt i nokon grad</p> <p>inneheld enkle resonnement</p> <p>har med nokre eksempel og/eller moment</p> <p>har nokre oppsummeringar eller enkle konklusjonar</p> <p>viser noko refleksjon</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte</p>	<p>har tematisk samanheng og formålstenleg struktur</p> <p>gjer greie for faglege emne på ein stort sett oversiktleg måte</p> <p>formulerer hovedsyn</p> <p>argumenterer sakleg for synspunkt</p> <p>har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne på ein oversiktleg måte</p> <p>har relevante eksempel og/eller moment</p> <p>formulerer oppsummeringar eller konklusjonar</p> <p>har nokså godt eller godt refleksjonsnivå</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte</p>	<p>har klar tematisk samanheng og gjennomgåande god struktur</p> <p>gjer greie for faglege emne på ein relevant, klar og oversiktleg måte</p> <p>formulerer hovedsyn klart og presist</p> <p>argumenterer sakleg og sjølvstendig, har breidde i argumentasjonen</p> <p>har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne på ein sakleg og nyansert måte</p> <p>har relevante eksempel og/eller moment, med god breidde</p> <p>formulerer poengterte oppsummeringar eller konklusjonar</p> <p>har høgt refleksjonsnivå, viser sjølvstende</p> <p>bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig</p>	
Samla vurdering av kort-svar og lang-svar		<p>Samla sett viser elevsvaret</p> <p>låg kompetanse i faget</p>	<p>Samla sett viser elevsvaret</p> <p>nokså god kompetanse i faget eller god kompetanse i faget</p>	<p>Samla sett viser elevsvaret</p> <p>mykje god kompetanse i faget eller framifrå kompetanse i faget</p>	

Karakterforslag:

Vurderingsskjema til eksamen, norsk Vg3 side 2. Bruk dei delane av skjemaet som passar til oppgåva.

Kreative tekstar					
	1	Karakter 2 Den aktuelle elevteksten	Karakter 3 - 4 Den aktuelle elevteksten	karakter 5 - 6 Den aktuelle elevteksten	Kommentar
Kreative tekstar		<p>har ein struktur som stort sett samsvarer med formålet og emnet</p> <p>bruker nokre enkle språklege verkemiddel</p> <p>viser noko språkleg kreativitet</p> <p>viser at eleven har valt nokre eksempel og/eller innfallsvinklar</p> <p>prøver ut tankar på ein enkel måte</p> <p>bruker eventuelt nokre enkle litterære verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>viser i nokon grad til språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein enkel måte</p>	<p>har ein struktur som samsvarer med formålet og emnet</p> <p>bruker språklege verkemiddel bevisst</p> <p>viser språkleg kreativitet</p> <p>viser kreativitet i eksempel og/eller innfallsvinklar</p> <p>reflekterer, prøver ut tankar</p> <p>bruker eventuelt litterære verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>viser til og bruker språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein sjølvstendig måte</p>	<p>er sjølvstendig utforma, med ein struktur som samsvarer med formålet og emnet</p> <p>bruker språklege verkemiddel bevisst og utforskande</p> <p>viser språkleg kreativitet og ei personleg og gjennomført språkføring</p> <p>viser kreativitet og originalitet i eksempel og/eller innfallsvinklar</p> <p>reflekterer, prøver ut tankar på ein sjølvstendig måte</p> <p>bruker eventuelle litterære verkemiddel på ein gjennomført måte</p> <p>viser til og reflekterer over språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein sjølvstendig og kreativ måte</p>	
Samla vurdering av kortsvar og langsva		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse i faget	Samla sett viser elevsvaret nokså god kompetanse i faget eller god kompetanse i faget	Samla sett viser elevsvaret mykje god kompetanse i faget eller framifrå kompetanse i faget	

Karakterforslag:

Ressurssider og kjelder

<http://www.udir.no/Utvikling/Ungdomstrinnet/Ressurser-for-larere-pa-ungdomstrinnet/Skriving---for-larere-pa-ungdomstrinnet/Prinsipper-for-god-skriveopplaring/Skrive-mye-i-alle-fag-pa-fagets-premisser-og-bruke-skriving-i-kunnskapstilegnelsen/>

<http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-videregaende/Eksamen-Kunnskapsloftet/?WT.ac=eksamensoppgaver&boks=3>

<http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/Eksempeloppgaver-og-eksamensoppgaver-for-Kunnskapsloftet/>

www.udir.no/Vurdering-for-laring/

<http://www.skrivesenteret.no/>

<http://www.ursulakleguin.com/WordsYoungWriter.html>

Bilete

[/www.theguardian.com/education/2013/apr/30/student-advice-exams-success](http://www.theguardian.com/education/2013/apr/30/student-advice-exams-success)

www.medhopeful.com/archive/how-i-got-a-t-on-the-mcat-writing-sample/

www.catrais.org/FieneCatalogue/ImagesFiene/Paintings/NightShiftAliquippa6.jpg artist: Ernest Fiene, 1935